

Frå bokutgjeving til masseflytting

12.04.2007



Jan Frank Christiansen sykla innom alle fylka i Noreg sist sommar. No kjem ferda i bokform. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det er registrert 20 nye selskap i Kvinnherad i løpet av dei første tre månadene av 2007 og to av dei høyrer heime i Uskedalen. Spennvidda mellom dei er stor:

Espen Eik har registrert selskap på sitt eige namn med føremål riving av bygg og flytting av massar. Jan Frank Christiansen har registrert enkeltmannsføretaket Ferding Forlag med føremål å drive med forlagsverksemd.

Når det gjeld det siste, har uskedalen.no kjennskap til at den avgåande AFA-leiaren skal gje ut ei bok om den unike, landsomfattande sykkelferda si sist sommar. Han hadde som kjent ei fotoutstilling på Husnes som skildra ferda på underfundig og kreativ vis og no kjem utstillinga i bokform.

Av Ola Matti Mathisen